

## Kultur og trivsel:

- Kulturkonsulent i 100 %-stilling.
- Alle innbyggerane skal kunne ta del i kulturlivet.
- Det må leggjast til rette for eit mangfald av kulturaktivitetar og kulturuttrykk.
- Vi vil støtte opp om friviljug arbeid og vidareføre Frivilligsentralen og utstyrssentralen.
- Fremje lokal kultur i skulen og elles. Meir song og dans for folk i alle aldrar.
- Festival og arrangementsfokus i heile Bygland – Ose er festivalhovudstaden i Setesdal!
- Legge til rette for ljosløyper, turstiar og klatreløyper.
- Sjå på organiseringa av Kulturskulen og få meir undervising lokalt.
- Folke-badstoge på Prestneset.

## KANDIDATANE I BYGLAND SENTERPARTI



- 1 **Signe Berit Sollien Haugå** (kum)
- 2 Åsulv Haugetveit
- 3 Vigdis Beisland
- 4 Tor Kasin
- 5 Guro Kvaale Skibsrud
- 6 Sigrid Greibrokk
- 7 Olav Haugetveit
- 8 Tone Simonstad Knutsen
- 9 Trond Knutson Haugå
- 10 Jon Toralf Frafjord Helle
- 11 Olav Lidtveit
- 12 Heming Fusche Hansen



FOTO: DREAMSURE / TROND K. HAUGÅ • TRYKK: SETESDALSTRYKK

# Vi tar heile Bygland kommune i bruk!

- Verdiskaping og vekst!
- Liv og røre i alle delar av kommunen!
- Ungdomen er framtida!
- Bygland best å bu i!
- Kommunen – ein seriøs arbeidsgjevar som yter gode tenester – nær folk!
- Fellesskap og tilhøyre!



*For dei unge, for utvikling, for næring, for Bygland!*

Bygland senterparti 2019-2023



# Verdiskaping – gode kvardagsliv – ungdom & framtid!

Vi vil bli fleire! Vekst og næringsutvikling skal vere vårt hovudfokus i valperioden. Bevisst samarbeid mellom kommunen, politikarane, innbyggjarane og dei frivillige laga er viktig. Ungdom med engasjement og initiativ skal møtast med oppfølging og prioritet! Næringssetinga skal utløyse at det blir skapt nye arbeidsplassar, og at det blir vekst i eksisterande næringsliv. Nye verksemdar skal tene på å ha rotfeste i Bygland! Bygland er den beste bu-kommunen i Setedal. SP fremjar generasjonsperspektivet i forvaltning av naturressursane. Vekst er ikkje alltid å bruke meir, men å forvalte betre og hauste meir aktivt. Det gjeld t.d. utmarka, fjorden og heiane våre. Bygland skal ta ei tydeleg rolle i det nye Agderfylket. Vi har som mål å få etablert ei tydeleg satsing/ressurssenter i kommunen.

## Ungdomen er framtida – Engasjement, initiativ og entreprenørskap.

- Eigne etablerarordningar for unge mellom 16-35 år.
- Gründerskap og elevbedrifter i skulen.
- Følgje opp Ungdomsrådet  
– ta unge inn partidøra for å skape god lokal politikk.
- Prioritere Ungdomsklubben og tilbod som dei unge vil ha.
- Utprøving «hent-meg-minibuss» – fleksibelt kollektivtilbod for unge i grendene.
- Tilrettelegging for etablering av endurobane.
- Tilrettelegging for ungdomsarrangement, t.d. Setr festivalen.

## Bustader der folk vil bu:

- Pådrivarar for å få gardsbruk ut på sal eller langtids utleige.
- Jobbe for leilegheitsbygg og bustader på attraktive tomter nær sentra og ved fjorden.
- Oppretthalde buplikta. Vere strenge i saker som gjeld bu- og driveplikt slik at gardande blir nytta av folk som vil vere med å skape levande grender.
- Kommunale start- og uleigebustader for folk som vil «prøve-bu» her.
- Medverke til at fleire som arbeider her, vil bu i kommunen.

## Næringsutvikling – vekst og nyskaping!

- Satse vidare på «veksthuset» – Setedal vekst!
- Vere vert for interkommunale prosjekt og regionale satsingar.
- Oppfølging av alle viktige produksjons- og foredlingsverksemdar.
- Nye industri-/næringsareal på Byglandsfjord.

## Vi vil satse på berekraftig reisemålsutvikling

- Stimulere til utvikling av attraksjoner, aktivitets- og opplevingsnæringer, sommarturisme, folkelege arrangement og festivalar, prosjekt som reiselivsverksemdar våre vil skape!
- Dugnad ber bygdene våre. SP vil dyrke engasjement frå bygdefolk, organisasjonar og verksemdar som skaper liv i kommunen.

## Landbruk:

- Vidareføre gode lokale ordningar for landbruksnæringsane.
- Rein mat, lokal matproduksjon er basis. Fordeling, småskala frukt og bær er viktige nisjenæringer.
- Gode ordningar for utbygging av skogvegnett for meir aktivt skogbruk.

## Naturressursane – aktiv forvaltning og lokal verdiskaping

- Vatn- og vindkraft er lokale ressursar. Senterpartiet vil jobbe for å fremje etablering av kraftkrevjande verksemdar nær produksjonsstaden.
- Vi vil vurdere vindturbinprosjekt (avgrensa område) der verdiskapinga for kommune, lokalsamfunn og grunneigarar overstig miljøkonsekvensane.
- Arbeide for å sikre avtalar mellom utbyggar og kommune ved etablering av nye anlegg, slik at inntekter kjem lokalområda til gode ved ei eventuell kommunereform.
- Arbeide med fjerning av forsøpling og krypsiv langs Byglandsfjorden og Åraksfjorden.
- Stimulere skogeigarvegslag for å bygge gjennomgangsveg til Åmli eller Fyresdal som i stor grad er bompengefinansiert.

## Lokalt sjølvstyre – utvikling, ikkje avvikling!

- Gode og lett tilgjengelege tenester – nær folk!
- Senterpartiet vil bidra til at kommunen skal vere ein trygg og seriøs arbeidsgjevar – der tillit, kompetanse og resultatorientering står i fokus.
- Eit samfunn med små skilnader – fokus på levekår og aktiviteter for alle.
- Bygland senterparti vil at kommunale innkjøp skal gjerast med lokale anbod og avtaler, og mest mogeleg kortreiste varer og tenester.
- Bygland skal så langt som mogleg vere eigen kommune, men blir dei ytre rammevilkåra endra slik at vi må slå oss saman, er Valle og Bykle ønskja partnarar.
- Oppretthalde dei gode tenestene til eldre.
- Gateljos på fleire kommunale vegar.
- Ny Ose bru.
- Fleire lærlingar i kommunen.
- Avgrense skjemaveldet for brukarar av 1. linetenestene og erstatte det med tillit.
- Vi skal ha gode, framtidretta oppvekstsenter både på Byglandsfjord og Bygland. God bemanning, arbeid mot mobbing og anna som gir gode læringsmiljø. Ein trygg og inkluderande kvardag og god oppvekst for alle.
- Arbeide for utvida opningstider i SFO/barnehagane.
- Innføre felles ordning for søskenmoderasjon mellom SFO og barnehage.
- Rekruttere i ledige stillingar og tilby tenester til andre kommunar også.
- Sikre lokalt brannvesen og ambulansetenester også framover.
- Få på plass nærpoliti att.
- Stillingsutlysingar og rekruttering med mål om tilflytting av nye medarbeidarar.
- Arbeide for den kristne kulturarven.
- Sikre naudnett ved straumbrot.